



- Vi trivs i bilen, hevdar Hannes og Filine, som budde på Øyro. (Foto: Ola Matti Mathisen)nnes og Filine

Ein bil kan vera så mangt.

Det veit ikkje minst paret Hannes og Filine Schmidpeter frå Bad Tölz i Bayern som dei siste dagane har vore på farten i Uskedalen med eit høgst originalt, blågult framkomstmiddel.

Enkelt sagt er det ein Mercedes lastebil med ein containar oppå.

Men fullt så enkelt er det ikkje.

Dei har lånt bilen av vennen Max Nichtl, som bur i den same byen, og fortel at dette opprinneleg var ein raud brannbil. På lasteplanet er det så plassert ein containar som i si tid var kommandosentral for forsvaret.

Containeren er innreia til eit opphaldsrom med gassforsyning, dusj og toalett og paret hevdar at det er riktig triveleg der.

Bilen har vore på farten fleire stader i verda, til dømes i Nord-Afrika der han av alle ting transporterte ski i Marokko. Også på Island har den hatt eit ferieopphald.

No har paret med den originale bilen, som budde på Øyro, reist attende til Tyskland. Det skjedde om natta på grunn av at vegane er smale i Noreg og bilen tung å køyra.

Av Ola Matti Mathisen